

Silje L Spurkeland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/412 - 19/37836

Saksbehandlar:

Anne Wergeland

Anne.Wergeland@lindas.kommune.no

Dato:

17.12.2019

Referat frå møte i SU 13.desember 2019

Til stades: Anna Maria Skotsund Hetlebakke (lærer), Silje L Spurkeland (FAU), Gerd Karin Isaksen (andre tilsette), Tove Helen Giske (lærer), Matias Monstad (elevrådsleiar), Iselin Angelskår-Hille (elevrådet), Torgeir A Lid (inspektør) og Anne Wergeland (rektor)

Sak 25/19 Godkjenning av saklista

Saklista vart godkjend

Sak 26/19 Informasjon

Det vart orientert om at julefesten i år vert tredelt i staden for todelt. Vi trur dette vert den beste løysinga for å unngå at Amfiet vert overoppfylt.

Sak 27/19 Høyring - vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune

SU har følgjande kommentarar/innspeil til framlegget:

Ad. punkt 3. Opptaksmynde og opptakskriterium

SU ønskjer tydelegare skildring/rettleiing av kva som meinst med 'å kunna gjere seg nytte av SFO-tilbodet'. Vi ser det som særskild viktig å ha ein dialog om det enkelte barn sitt behov. Kva saksgang ser ein for seg? Kva sak bør avsluttast med eit administrativt vedtak frå skuleeigar til skule.

Ad.punkt 4. Opptaksperiode og oppseiing av plass på skulefritidsordninga

Det er ei gledeleg endring at det i dette framlegget ikkje står noko om at SFO om morgonen skal reknast frå 7.30 uansett frammøtetid. Dette gjev familieane fridomen til å bestille SFO etter behov også før skuletid, noko som kan gje meir SFO-tid å nytta om ettermiddagen.

Vi reknar med at det i 2020 vert for kort tid mellom vedtekter (20.febr) og søknadsfrist 1.mars. Vert søknadsfrist utsett i 2020?

Det bør presiserast tydelegare i vedtektene at SFO er stengd jul- og nyttårsaftan.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Ad. punkt 5. Foreldrebetaling

Me ønskjer ein sats for 10-mnd og ein annan for 11-mnd, slik me har hatt i Lindås kommune. Det kan sjå ut som det er ikkje er planen iflg dette framlegget.

Skildnaden er at om det er ein sats for 10-mnd og ein annan for 11-mnd, vil det vera same beløpet å betala kvar mnd, noko som er forutsigbart for familiane.

Er det derimot same sats for både 10- og 11-mnd, vil det i feriane sei at sjølv om ein betaler for full plass, må ein i ein ferie betala ekstra når ein har passert timane som er maks SFO-tid i skuleveker. På Seim skule er det maks 20 timar. Til samanlikning har ei full ferie-veke på SFO 45 timar.

Ad. punkt 6. Bemanning og leing

I dei nye vedtektene er det sagt at det som regel ikkje skal vera meir enn 14 barn pr. tilsett. Dette er ei betring for Lindås kommune, som no ligg på 15 barn pr tilsett. Med fleire vaksne vert tilbodet betre.

Med helsing

Anne Wergeland
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Torgeir Arne Lid

Mottakarar:

Anna Maria Skotsund Hetlebakke
Elev Iselin Angelskår-Hille
Elevrådsleiar Matias Monstad
Gerd Karin Isaksen
Laila Bjørge
Silje L Spurkeland
Tove Helen Giske